



## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Vestlandshuset, Agnes Mowinckels gate 5

Dato: 25. mai 2023

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 16. mai 2023

### Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 50/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 51/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.04.2023
- Sak 52/23 Behov for auka bruk av post 30-midlar FV552 Hatvikvegen
- Sak 53/23 Byggeplasskilt som del av kommunikasjonen i Miljøløftet
- Sak 54/23 Oppdaterte rutinar for opningar
- Sak 55/23 Planlagde møter i Miljøløftet
- Sak 56/23 Sykkelteljing og sykkel tunnel
- Sak 57/23 Reisevaneundersøking og Byindeks
- Sak 58/23 Kollektivtal
- Sak 59/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 60/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt
- Sak 61/23 Eventuelt Bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavnale Bergensområdet

### Sak 50/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

*Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 51/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.04.2023

#### Vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 52/23 Behov for auka bruk av post 30-midlar FV552 Hatvikvegen

#### Vedlegg 2

Saka er løfta frå Bjørnafjorden kommune. For å sørge for fullfinansiering av tiltaket «Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen» (FV 552 Hatvikvegen), har Bjørnafjorden behov for å auke bruken av post 30-midlar. Prosjektet er del av Handlingsprogram 2024-2027 og fekk løyvd midlar over programområda, post 30, i Statsbudsjettet for 2023. Vestland fylkeskommune er byggherre og vil vere klare for anleggsstart hausten 2023, så framt prosjektet er fullfinansiert. Behovet for midlane vil gjelde tidlegast for 2025 og vil kunne bli detaljert og innarbeidd gjennom rulleringa av handlingsprogram 2025-2028.

Saka har vore behandla i prioriteringsrådet, som gav sin støtte til forslaget frå Bjørnafjorden.

Sekretariatet ser at Bjørnafjorden har tilgjengeleg finansiering på om lag 140 millionar kroner over post 30, utanom det som er vedteke i HP 24-27. Eit vedtak om auka bruk vil gi bindingar for framtidige handlingsprogram for Bjørnafjorden sin del, men vil ikkje påverke økonomien i andre delar av byvekstavtalen. Statlege post 30 midlar kan ikkje nyttast til planlegging og prosjektering. Desse føringane blir lagt til grunn for bruken av pengane.

*Forslag til vedtak: Miljøløftet si styringsgruppe sluttar seg til å auke tildeling til prosjektet «Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen» med statlege programområdemidlar for å dekke også det private bidraget. Endringane blir arbeidd inn i handlingsprogram 2025 – 2028.*

### Sak 53/23 Byggeplasskilt som del av kommunikasjonen i Miljøløftet

#### Vedlegg 3

Fleire av partane i Miljøløftet har kome med innspel om å få fram prosjekta i Miljøløftet betre på byggeplass, gjennom skilting og banner. Dette er eit nyttig grep for å profilere resultat av Miljøløftet-samarbeidet og å synleggjere kva vi bygger overfor innbyggerane. Vi får vist kva samfunnet får igjen for Miljøløftet-samarbeidet og byvekstavtalen i kvar enkelt kommune. I byggeperioden kan banner og skilt bidra med god informasjon til passerande.

Sekretariatet foreslår óg at det blir etablert ein praksis om å henge opp eit varig skilt eller plakett etter opning, der dette lar seg praktisk gjennomføre. Dette gir varig dokumentasjon for reisande og besøkande på prosjekt som er realiserte gjennom Miljøløftet.

Sekretariatet foreslår at kostnadene til byggeplasskilt og eventuell varig plakett blir dekte som del av prosjektet, der entreprenør får ansvar for bestilling og oppsetting. Byggherre blir oppmoda om å implementere rutinane og å sørge for at slike skilt blir del av utlysinga.

Saka var behandla i prioriteringsrådet 12. mai 2023, og var her ei oppfølging av sak «47/18 Skilting ved Miljøløftet-prosjekter», der dette spørsmålet vart reist første gong.

Prioriteringsrådet stilte seg bak forslaget og støttar vurderinga av at skilt kan bidra til god profilering. Det blei presisert at formuleringane må vere korrekte i form av at Miljøløftet er eit samarbeid, og ikkje verken finansieringskjelde eller byggherre.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak forslaget og ber partane om å sørge for at krav om byggeplasskilt blir del av utlysing av nye Miljøløftet-prosjekt.*

## Sak 54/23 Oppdaterte rutinar for opningar

### Vedlegg 4

Miljøløftet har rutinar for opningar, som har vore retningsgivande for dei fleste opningsarrangementa i partnerskapen. Rutinane har ikkje vore oppdaterte sidan 2018 og sekretariatet føreslår derfor mindre endringar i rutinane, mellom anna for å ivareta endringane etter regionreforma, og at det i dag er ni partar. Sjå vedlegg.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

## Sak 55/23 Planlagde møter i Miljøløftet

I sak 10/23 Oppfølging etter politisk seminar, vart det bestemt at neste politiske seminar skal gjennomførast andre veka i januar 2024, og ha fokus på opplæring. Det var foreslått at seminaret blir del av politikaropplæringa i kommunane.

Politisk seminar 2024 blir sett til onsdag 10. januar 2024.

Følgjande datoar er sett for styringsgruppemøter til hausten:

Fredag 22. september

Fredag 3. november

Onsdag 6. november

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 56/23 Sykkelteljing og sykkel tunnel

Eit større sykkelveganlegg, saman med to tilhøyrande sykkel tunnelar er opna. Vestland fylkeskommune informerer om teljing i Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 57/23 Reisevaneundersøking og Byindeks

Statens vegvesen presenterer resultat frå Reisevaneundersøkinga og frå Byindeksen og forklarar kva resultatata viser.

### Reisevaneundersøkinga (RVU)

Statens vegvesen og dei offentlege samferdselsverksemdene gjennomfører årleg ei undersøking om transportvaner i befolkninga. Resultata blir nytta til å planlegge framtidens nasjonale transportsystem, for alle trafikantgrupper.

Deltakarane blir tilfeldig trekte ut frå Folkeregisteret og undersøkinga tek om lag 20-40 minutt å svare på. Det er Opinion i samarbeid med Norstat som registrerer svara. Det er eit avgrensa tal personar, frå og med 13 år, som blir inviterte via personleg brev til å svare på undersøkinga.

### Byindeks

Byindeksen reknar ut endring i trafikkmengd for byområdet. Metoden er basert på trafikkregistreringar frå faste punkt fordelt på riks- og fylkesvegar, samt på enkelte kommunale vegar, og er meint å gi eit representativt bilete av trafikkutviklinga i avtaleområdet. For kvart trafikkregistreringspunkt blir trafikk samanlikna dato for dato og time for time mellom to påfølgande år. Det blir tatt omsyn til periodar der registreringsutstyret ikkje har vore i drift, og periodar der trafikken i stor grad er påverka av vegstengingar og omkøyningar.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 58/23 Kollektivtal

Utviklinga i kollektivbruk innanfor avtaleområdet blir presentert i styringsgruppa jamleg. Skyss presenterer oppdaterte tal frå buss, bybane og båt. Jernbanedirektoratet orienterer om oppdaterte tal frå togtrafikken.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 59/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

## Saksliste Bypakke Bergen

### Sak 60/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt

Utviklinga av bompenginntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa jamleg. Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal på trafikk og inntekt.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 61/23 Eventuelt Bypakke Bergen